

## Prosedyre for elevkontakt og informasjon

Vanleg kontakt mellom elev og tilsette er i undervisning og i busituasjon. Her har alle lærarar eit likt ansvar som tilsett ved skulen. Lærarstillinga i folkehøgskulen består av to hovud-delar, nemleg undervisning og sosialpedagogisk arbeid. Denne prosedyren gjeld i hovudsak lærarar, internatleiar og assistent men kan i ein skilde høve også gjelde andre tilsette ved skulen.

Lærarhandboka som alle får før dei startar på skulen inneheld denne informasjonen om sosialpedagogisk arbeid:

*... Elles inneber det sosialpedagogiske arbeidet ein del oppgåver som er vanskeleg å konkretisere på eit papir. Det gjeld t.d. dette med hjelp og støtte til elevar som har det vanskeleg, "livskriser". Det kan vere alt frå ein liten samtale til oppfølging gjennom heile året. Det kan også vere å hjelpe eleven med jobb-søking og vidare skulegang...*

*... Du opplever også at elevane kjem med spørsmål av meir privat / sosial karakter. Ungdom i denne alderen har mange personlege vanskar, og då er det naturleg for mange av dei å vende seg til ein av lærarane. Det er ikkje uvanleg at eleven ynskjer ein samtale av svært privat og kanskje sterk/emosjonell karakter. Slike ting er det ikkje lett å prate med kven som helst om, så den læraren eleven opnar seg for, vil ofte måtte vere ein slik samtale-partnar heile året for denne eleven. Som lærar må du sjølv vurdere kor mykje du kan involvere deg i eleven sine problem, og du må vurdere når det er naturleg å kople inn andre lærarar, rektor eller lærarråd...*

I praksis vil ofte første kontakt vere med internatleiaren. Det skjer t.d. når eleven ikkje har stått opp om morgonen, og internatleiaren kjem bort for å sjå korleis det går. Då kjem det kanskje fram at det er ei historie bak.

Andre gonger kan eleven koma til internatleiaren på kontoret. Det kan t.d. vere i samband med ynske om rom-byte, påpeiking av praktiske oppgåver som ikkje vert gjort etc. Eller for å fortelje at ting er vanskelege. Uansett årsak, så er internatleiaren den som oftast er lett å treffe gjennom skuledagen.

### Kva gjer me når ein elev tek kontakt

1. Høyrer kva eleven fortel. Me skal i første omgang vere lyttande og i liten grad rådgje. Me må heile tida vurdere vår kompetanse i høve til eleven sine problem.
2. Er det problem av mindre og forbigåande karakter, skal me gje råd og evt. snakka med andre involverte elevar.
3. Er det av meir alvorleg karakter, skal alle lærarar informerast under posten "Elevsaker" på lærarråd. Meir alvorleg karakter er alle saker der tilsynslærar vil kunne møte denne problematikken i løpet av tilsynet. Det er då svært viktig at tilsynslærar ikkje får dette som ei overrasking, då er det vanskelegare å handtere saka på ein god måte for eleven.
4. Eleven vil i ein del tilfelle sei at dette ynskjer ein ikkje skal koma vidare til andre. Då er det viktig å gå ein runde og forklare eleven at ein del av informasjonen må koma til lærarane for at dei skal kunne gjere jobben sin. Ein kan seie at den læraren som først

fekk informasjonen kan verte sjuk, vere i permisjon, ha fri eller av andre grunnar ikkje kan vere der for eleven til ei kvar tid. Då er det viktig at tilsynslæraren iallfall har innsyn i kva dette dreier seg om. Normalt vil eleven akseptere dette, og ein kan avtale kor mykje informasjon lærarane treng ha.

5. Er ein i tvil om ein skal informere og i kor stor grad ein skal informere, så skal ein snakke med rektor eller inspektør for felles vurdering.
6. Informasjonsgraden skal vere tilstrekkeleg. Det vil sei at alle skal vere informert på ein slik måte at ein veit kva det handlar om, men alle treng ikkje til ei kvar tid alle detaljar. Som døme kan ein tenke seg at ein elev kjem og fortel at ho har vore utsett for eit overgrep, og dette er noko ho slit med. Dette vil vere ei sak alle skal vere informert om, for om denne eleven får ein reaksjon ein kveld, så skal tilsynslærer sleppe å spørje eleven kva grunnen er til dette. Dette har to kvalitetar. Læraren er trygg på kva det handlar om og møter eleven fornuftig i forhold til dette. Eleven får hjelp med ein gong og treng ikkje utlevera seg til kvar einaste person i kvart einaste tilfelle. Tilsynslærer skal vere tilstrekkeleg informert. Det betyr at ein skal vite at eleven har vore utsett for overgrepet og at dette er noko eleven slit med. Men innhaldet i overgrepet er vanlegvis ikkje noko ein treng å ha detaljar om. Dersom den som har fått denne kontakten med eleven er i tvil om informasjonsgrad, skal rektor eller inspektør rådspørjast.
7. Det er viktig at me ikkje privatiserer elevkontakten. Ingen av oss har bakgrunn og kompetanse til å ta alle desse avgjerdene på eigen hand. Men saman kan me iallfall gjere avgjerder me felles kan stå bak.
8. Privatisering av kontaktar gjer det svært sårbart ved sjukdom eller permisjonar. Den som blir taparen er eleven som kanskje har det vanskeleg nok frå før. Ein risikerer også at andre i kollegiet gjer uheldige avgjerder fordi dei mangla rett informasjon.
9. Ein bør som hovudregel ha kontakten med elevane i arbeidstida. Alle tilsette bør sørge for å ha minst mogleg kontakt i fritida si. Dette har minst to grunnar. For det første er det enkelte elevar som vil utnytta denne tilliten og bruka den tilsette svært mykje. Den andre tingen er at me treng alle kviletid for å kunne gjere eit best mogleg arbeid i arbeidstida. Ingen er tent med slitne medarbeidarar.
10. Det er lurt å rådspørje kolleger når ein er i tvil, det er vanskeleg å stå aleine.